

## Preike 1. mai

Dette er ein viktig dag. Ein historisk dag.

1. mai er ein viktig dag for å skape ei meir rettferdig verd. Det er dagen som byrja som ein protest mot umenneskelege arbeidsforhold i Chicago, USA og som vart til arbeidarrørsla si internasjonale markering av styrke og vilje til endring- til eit samfunn der me ikkje aksepterer dei gamle skiljelinjene mellom menneske.

Det dreidde seg slik sett om eit menneskeverdsprosjekt: Me er alle like! Med den same retten til eit verdig liv. Og det dreidde seg om skarp kritikk av den økonomiske organiseringa. Det er ikkje ufråvikelege naturlover som styrer samfunn og økonomi. Det kan endrast- og må styrast ut i frå det som tener alle sitt beste, ikkje berre ein etablert liten del av samfunnet.

Vi kan ikkje forstå det gode samfunnet vi har i dag utan å med oss impulsane frå . mai – første gong markert i Noreg i 1890. Kyrkja har vore lunken til denne tradisjonen. Kyrkja var ein del av den etablerte samfunnsorden, og ynskte å bevare sin posisjon og innflytelse.

Det er forståeleg, man samstundes underleg. For kva har vi ikkje høyrt frå Bibelen, lese her i kyrkja i dag:

Jesaja med den skarpe kritikken av hyklerisk faste – den som ikkje tener nokon. Men ei faste etter Guds hjarte tener dei fattige.

Eller Johannes` første brev: *Den fullkomne Guds kjærleik, den er lik for alle.*

Og no skal vi lese dagens tekst frå Lukasevangeliet

**31** Som dere vil at andre skal gjøre mot dere, slik skal dere gjøre mot dem.**32** At dere elsker dem som elsker dere, er det noe å takke dere for? Selv synderne elsker dem de selv blir elsket av.**33** Og om dere gjør godt mot dem som gjør godt mot dere, er det noe å takke dere for? Det gjør jo også synderne.**34** Og om dere låner ut til dem dere venter å få igjen av, er det noe å takke dere for? Også syndere låner til syndere for å få like mye igjen.**35** Nei! Elsk deres fiender, gjør godt og lån bort uten å vente noe igjen. Da skal lønnen deres bli stor, og dere skal være Den høyestes barn. For han er god mot de utakkneelige og onde.

**36** Vær barmhjertige, slik deres Far er barmhjertig.

### Luk 6,31-36

«Vær barmhjertige, slik deres Far er barmhjertig.»

Jesus avslører vår sjøloppattheit. Vår egoisme. Vår kynisme når det gjeld å sikre oss sjølve, vår eigen posisjon, vår eiga makt. Den som gir seg utslag i at vi ikkje ser og ikkje bryr oss om fattige, sjuke, einsame osv. Jesus skildrar mange gonger dei som treng mat og fellesskap. Han talar ofte om dei fall utanfor i samfunnet. Dei som ingen brydde seg om, og som folk til og med hadde teologisk grunn til å halde seg unna, fordi dei var ureine og syndarar. Dei fekk berre si straff.

Det Jesus gjer, er å snu opp-ned på dei sosiale verdiane: Det er dei som ikkje betyr noko de skal sjå til og vera i lag med! Det er eit utrøleg sosialt trøkk i dette! Tenk om kyrkja hadde mакта å leve opp til det? Kor annleis hadde ikkje historia då vore?

Det skal i rettferdigheita sitt namn nemnast at det alltid har funnest miljø og rørsler i kyrkja som har skjøna Jesu skarpe tale og arbeidd for dette. Men dei har sjeldan kunne setje dagsorden for den kyrkjelege mакteliten.

Går me no attende til dei åra då 1.mai vart ein viktig dato, på 1880-talet og utover, gjekk heile den kyrkjelege eliten imot at parlamentarismen skulle styre våre politiske prosessar. Kyrkja ynskte at kongen skulle bevare all si makt. I eit stort opprop frå 1883, underskrive av samtlege biskopar og teologiske professorar, skriv dei eit alvorleg brev til heile folket om å ikkje svikte dei guddommelege prinsippa for leiing av landet. Slik las dei Bibelen den gongen.

Det er tankevekkande og utfordrande. Kvar er vi i dag? Kvar der dei fattige, sjuke og einsame? Dei vi ikkje ser? Dei vi held utanfor?

Eit svar er slik: Det er dei gruppene i vårt samfunn som ikkje har fått del i velstandsaukken. Det er framleis mange hol å falle i. Me kan stusse over kor gale det der at dei som arbeider med menneske, barn, eldre, sjuke, tener så mykje mindre enn dei som arbeider i andre sektorar. Me kan stusse over bedrifter som blir lagde ned fordi utbytet kan bli større ein annan stad i verda. Dei går ikkje i underskot- dei har berre ikkje størst mogeleg overskot. Me bør stusse over ei veksttenking som truar balansen i skaparverket og i det langsiktige grunnlaget for liv- over heile landet vårt. Me må stusse over at me ikkje brukar meir av vår menneskelege kapasitet til å satse på fornybar energi, ein energi som ikkje er ein trussel mot miljøet i havet og klimaet på jorda.

Og tankane går vidare til kven det er som får styre kva som er viktig og verdfullt? Kven har skapt finanskrisa som herjar Europa? Kven er det som blir ramma? Er ikkje denne krisa skapt av grådighet? Som gjer oss blinde overfor verkelege verdiar? I det at me ikkje bryr oss om ulike kår mellom menneske? I det at me let nokon falle utanfor? I det at avstanden mellom rike og fattige berre blir større og større? Jesus åtvarar mange stader mot det som i si tid heitte «mammon», pengevesenet som tek makta over oss. Jesus åtvarar mot den ibuande destruktive krafta som ligg i pengar. Heile Bibelen åtvarar oss mot grådighet. Vi merkar det her hjå oss, og vi ser det endå meir i verdssamfunnet, og i dette er 1. mai ein viktig internasjonalismens dag. Det er sterkt behov for å vinne attende dei store og viktige orda: rettferd, solidaritet, menneskeverd og fellesskap. Dei har enno ikkje gått ut på dato.

For snart tre år sidan opplevde me eit angrep på nettopp desse ideane ved dei grusomme hendingane i regjeringskvartalet og på Utøya. Her har kampen for menneskeverd og fred og rettferd og mangfold fått eit nytt og viktig fokus: Tenk berre på songane me song etterpå! Den litt naive, men herlege regnbogesongen til Pete Seeger og Lillebjørn Nilsen, og Nordahl Grieggs kraftfulle «Til ungdommen» Songar som gjev oss perspektiv og motivasjon til å sjå fattige, sjuke og einsame, dei utanfor. Alle som høyrer med i det medmenneskelege fellesskapet Jesus utfordrar oss til å skape.

Lat oss difor synge denne songen, «Til ungdommen» Han var ikkje skriven som nokon salme og heller ikkje tiltenkt ei gudsteneste, men ber i seg ein guddommeleg visjon!